


«Prosjekt sløseri» er for vilkårleg sett saman til å ha verdi som dokumentasjon.

Raritetskabinettet

MELDING | Guri Kulås | 



VIRKNING: Morten Traaviks verk er ikkje i første rekkje «Sløserikommisjonen», men effekten stykket får i samfunnet. Men om Traavik har noko ansvar for eventuelle uønskte konsekvensar, er ikkje eit tema i dokumentaren. © FOTO: NRK/TWO CATHEDRALS

Sløser bort sjansane sine.

«Prosjekt sløseri»

(Noreg, 2022) | Regi/produksjon: Kaspar Synnevåg, | Henrik Hylland Uhlving | Med: Are Søberg, Morten Traavik | Sjanger: Dokumentar | Lengde: 59 min | Vist på: NRK TV og NRK 1 i kveld

★ ★ ☆ ☆ ☆ ☆

Det kunne ha vore interessant å sjå ein dokumentar om kva som skjedde då Are Søberg alias Sløseriombudsmannen gjekk til scenen i Morten Traaviks regi, for så å skapa splitting blant kunstnarar, forfattarar og til sist medlemmane i ytringsfrihetskommisjonen, men «Prosjekt sløseri» er *ikkje* den dokumentaren. Filmen er for vilkårleg sett saman til å ha verdi som dokumentasjon – både av fenomenet Sløseriombudsmannen, av Traaviks stykke «Sløserikommisjonen» og av kontroversen i og rundt ytringsfrihetskommisjonen.

I tillegg er «Prosjekt sløseri» på ei og same tid så uklår om sin eigen agenda og så innforstått i sin presentasjon av hendingane vi får sjå, og av dei meiningsberarane filmskaparane har fått i tale, at filmen blir kryptisk. Til sist manglar filmen alle Sløseriombudsmannens kritikarar.

Klimakset i den årelange kulturstriden rundt Sløseriombudsmannen vart nådd for over eitt år sidan, då Begard Reza trekte seg frå ytringsfrihetskommisjonen. No er det gått ei veke sidan Kjersti Løken Stavrum la fram kommisjonens endelege rapport. Både kommisjonsleiaren og filmskaparane drøfta arbeida sine på Arendalsuka, og vi må tru det er denne aktualiseringa som gjer at filmen i dag blir vist på NRK. Det styrkar ein mistanke om at allmennkringkastaren synest det er viktigare å *vera* i tida enn å *prøva* å forstå tida vi lever i.

Filmskaparane har nemleg ikkje nytta timane sidan sist sommar til å tenkja over kven som kunne tena på at ein presumptivt legitim kritikk av norsk, offentleg pengebruk, vart ein del av ein internasjonal, digital «kulturkrig» med reelle konsekvensar.

«‘Prosjekt sløseri’ kunne nesten ha vore eit døme på det Sløseriombudsmannen henger ut som grovt sløseri»

Filmen (som er overstrødd av «skjermdumpar» frå det vi må tru er Sløseriombudsmannens Facebook-feed) er i staden snapshots frå den offentleg avslørte Are Søbergs kjendistilvære som refsar av kunst han synest er tull. Han vart omfemna ikkje berre av høgreblogger og klikkmedia, men av modernitetskritikarar som Odd Nerdrum-klanen og av deira motpol, Morten Traavik. Jamvel for ein som i grove trekk veit kva filmen vil ta opp, er «Prosjekt sløseri» eit raritetskabinett. Filmen kunne nesten ha vore eit døme på det Søberg henger ut som grovt sløseri med vår felles skattekasse.

I korte intervjusegment får vi eit overflatisk møte med Are Søberg, som på nytt uimotsagt får fortelja at han berre «ramla» over scenekunsten. Ikkje ein gong når Espen Teigen blir presentert med den fortrulege nemninga «ven», spør filmskaparane om Søberg kanskje fekk eit tips av Sylvi Listhaugs tidlegare mediestrateg om å venda blikket mot kulturlivet. Kunstnarane som blir eksponerte med namn og støttesummar, er ingen stor utgiftspost på statsbudsjettet, men dei kommuniserer på andre måtar enn tradisjonelt, realistisk teater, og nokre av dei kritiserer opelyst Frp-politikk på scenen. Spørsmålet om Teigen har sett Søberg på sporet av politisk brysam scenekunst, burde i alle fall ha vorte stilt.

Morten Traavik er sjølvsgatt meir ope og kalkulert i sine kommentarar. Motsett Sløseriombudsmannen, som ikkje er budd på kva det vil seia å vera ein offentleg person, har Traavik brukt sitt eige namn og sin eigen kropp i framstillinga av tallause provokative karakterar. Traavik har rett i at hans verk ikkje i første rekkje er «Sløserikommisjonen», men den effekten sjølv eksistensen av stykket får i samfunnet.

Om effekten er positiv eller negativ, eller om Traavik har noko ansvar for eventuelt uønskte konsekvensar, er ikkje eit tema.

Det er vel her ein stad dei kaos-skapande aktivitetane til Sløseriombudsmannen og Traavik overlappar kvarandre, uavhengig av deira ulike motiv. Kunstnarane som har hevda å bli trakasserte og truga av både Søbergs og Traaviks verksemd, blir ikkje tilkjent truverd eller ei røyst i filmen. Dette er høgst problematisk. At ingen har svart på Traaviks hånlege dusørutlysing (100.000 kroner for å dokumentera trugsmål mot seg sjølv) provar ikkje noko anna enn at han har null tillit blant dei han utfordrar.

Perspektivet til filmskaparane er likevel uklårt. Dei får fram ironiske poeng, som at Are Søberg endar opp med å bli litt interessert i konseptkunst, og at følgjarane hans får smaken på å stå på scenen, men dei handsamar også sine filmobjekt litt som *memes*. I så måte kan ein seia at filmen gjev eit glimt av tidsånda. Kva er vel meir typisk enn at nokon blir invitert inn i den offentlege samtalen etter å ha fått mange følgjarar på «eit lol-prosjekt» i sosiale media for så sjølv å bli eit *meme*?

